

Referat frå instituttrådsmøte

Institutt for framandspråk

Dato: onsdag 31. mai 2023

Stad: Rom 216, HF-bygget

Til stades:

Gruppe A – Martin Paulsen, Kjetil Berg Henjum, Øyvind Gjerstad, Ingunn Lunde.

Gruppe B – Emil Julien Stautland Perron.

Gruppe C – Anne Hestnes

Gruppe D – Sara Karoline Mørland og Christine Marie Mowinckel Fagg.

Arve Kjell Uthaug stilte som referent.

Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjende utan merknader.

Sak 2 – godkjenning av referat frå møtet 15. mars 2023

Godkjent utan merknader.

Sak 3 – orienteringssaker

- A) Instituttleiar orienterte om oppfølginga av HMS-rapporten for HF 2022. Sjølve rapporten, som instituttet tidlegare har sendt til fakultetet, vil bli sendt ut til medlemmane av instituttrådet. HF trekkjer fram to felt dei ønskjer institutta skal følgja opp: Gruppereiser og feltarbeid/tokt er eitt av desse felta, og Anne Hestnes følgjer opp dette ved IF. I tillegg nemner fakultetet bygg og verdiar ved HF. Instituttleiar peikte i tillegg på arbeidet ved IF og HF med å følgja opp krevjande konfliktsaker som involverer studentar og tilsette.
- B) Instituttleiar orienterte om instituttet sitt høyringssvar om den nye HF-strategien.

Sak 4 – Orientering om budsjett og rekneskap 2023

Uthaug orienterte om status for budsjett og rekneskap for 2023. Instituttbudsjettet har fått tilført større inntekter enn forventa frå prosjektgevinst, først og fremst frå Eksamensprosjektet, og det har dessutan kome inn midlar frå løns- og priskompensasjon i driftsbudsjettet vårt. IF har eit bra driftsbudsjett som bør gjera det mogleg å koma ut av 2023 i balanse eller med eit visst overskot. Instituttet er inne i ein periode der overskot frå eksternfinansierte prosjekt tilfører driftsbudsjettet vårt (GA) større summar. Denne

situasjonen vil sannsynlegvis endra seg etter 2025, og då må IF vera førebudd på å redusera bruken av attåtstillingar og eventuelt andre lønsutgifter til mellombels tilsette.

Sak 5 – Val av ny representant frå gruppe B til instituttrådet

Vedtak (samrøystes): Instituttrådet godkjenner som valforsamling desse nye representantane for gruppe B (mellombels vitenskapleg tilsette) hausten 2023-våren 2024: Kristine Seljemoen (representant), Craig Grocott (vara) og Julia Marinaccio (vara).

Sak 6 – Budsjettinnspel til fakultetet for 2024

Instituttet skal senda brev til fakultetet med innspel til budsjettet for 2024, og det kom fram ulike synspunkt i instituttrådet:

UTDANNING. Instituttleiar orienterte om endringar for å spara ressursar i undervisninga (t.d. opptak til master annakvart år på enkelte fag). Bør vi innføra einsensorkommisjonar på fleire fag og emne? Bruken av toarstillingar er viktig for å dekkja undervisningsbehovet ved IF. Fleire av faga våre har vore eller er inne i redesign-prosessar der ein prøver å heva kvaliteten på studiet, men samstundes må tilpassa undervisningstilbodet til ressursane vi har. Instituttleiar spurde om vi i budsjettbrevet til fakultetet bør tematisera spørsmålet om minimumsbemanning per fag. Instituttet kan poengtera at vi meiner det bør vera ei minimumsbemanning, men instituttleiar meinte det var usikkert om vi ville få gjennomslag for kravet og kva konsekvensane vil vera. Berg Højum meinte det var viktig å løfta fram spørsmålet om minimumsbemanning og viste m.a. til at evaluering av enkelte IF-fag har kritisert faga fordi dei hadde for få tilsette. Fagg meinte det kunne argumenterast for minimumsbemanning med arbeidsmiljøet for dei som arbeider på faget. Lunde viste til at instituttet har spelt inn liknande saker i fleire rundar, m.a. knytt til bemanningsplanen, og at det var vanskeleg å heva resultatata (t.d. studiepoengsproduksjonen) når talet på stillingar samstundes skulle reduserast. Instituttleiar meinte det var større sjanse for å få aksept for ein viss bruk av lektorstillingar enn å få gjennomslag for ei fast minimumsbemanning. Bruk av lektorstillingar kan avlasta dei som har vanlege førstestillingar, slik at dei faktisk får betre tid til å forska. Mørland støtta tanken om å bruka lektorstillingar.

EKSTERNFINANSIERING. Når det gjeld søknader om eksternfinansiering, har instituttet planar om å søkja ein ny periode med NORPART-støtte til Kamerun-samarbeidet. Dessutan har vi allereie fått støtte til ein ny fireårsperioden (2024-2027) med Nasjonale prøvar i engelsk. IF har dessutan eit omfattande evu-tilbod, der enkelte kurs er eksternfinansierte, medan andre har andre finansieringsmodellar.

FORSKING. Instituttleiar orienterte om søknader om forskingsprosjekt og omlegginga til kontinuerleg søknadsfrist ved NFR. Spørsmålet om forskingsinfrastruktur er mindre relevant for oss enn for ein del andre institutt og miljø.

BEMANNING. Instituttleiar viste til at det her er aktuelt å løfta fram behovet for lektorstillingar.

INVESTERINGAR OG AREAL. IF ønskjer seg kjøkkenkrokar i andre og tredje høgda.

Martin Paulsen,
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef